



Askvoll kommune
Postboks 174
6988 ASKVOLL

Vår dato:

27.05.2019

Vår ref:

2019/11608

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon
Bodhild Therese Cirotzki, 5764 3108

Askvoll kommune - varsel om tilsyn - barnehagelova § 19 g

Etter barnehagelova, lov 17. juni 2005 nr. 64 om barnehagar, § 9 andre ledd, har Fylkesmannen heimel til å føre tilsyn med kommunen som barnehagemyndighet. Reglane i [kommunelova kapittel 10 A](#) gjeld for denne tilsynsverksemda.

Fylkesmannen i Vestland skal i 2019 gjennomføre tilsyn med Askvoll kommune som barnehagemyndighet, og kontrollere at barn med nedsett funksjonsevne får eit eigna individuelt tilrettelagt barnehagetilbod jf. [barnehagelova kap V A § 19 g](#). Tilsynet vert opna med dette varselet.

Formålet med tilsynet

Det overordna målet med tilsynet er å kontrollere at barnehagemyndigheita sikrar at barn med nedsett funksjonsevne får individuell tilrettelegging i barnehagen.

Fylkesmannen legg barnekonvensjonen til grunn ved tilsyn med kommunen som barnehagemyndighet. Barnekonvensjonen går ved motstrid føre norsk lov. Artikkel 3 i konvensjonen er tydeleg på at til beste for barn skal leggast til grunn som eit grunnleggande omsyn i alle avgjerder som vedkjem barn. Artikkel 23 i konvensjonen seier at eit barn som er psykisk eller fysisk funksjonshemma, bør ha eit fullverdig og anstendig liv under forhold som sikrar verdighet, fremjar sjølvstende og gjer det lettare for barnet å delta i aktivt samfunn, med dette at barnet får eigna individuelt tilrettelagt barnehagetilbod. Barnehagelova § 19 g er med å sikre at artikkel 23 vert realisert.

Tilsynet går ut på å kontrollere om Askvoll kommune følgjer regelverket i barnehagelova med forskrifter. For å kontrollere dette undersøker vi barnehagemyndigheita sin praksis. Askvoll kommune er valde ut på bakgrunn av kor sannsynleg det er at krava i regelverket ikkje er oppfylte, og kva for konsekvensar det kan få for barnet. Denne risikovurderinga byggjer på følgjande informasjon:

- Vurdering av informasjon som vart gitt i kartlegginga i februar 2019, der det kjem fram at Askvoll kommune manglar informasjon på heimesida, og har ikkje skrive vedtaka etter bhl. § 19 g.



Tema for tilsynet

Hovudtema for tilsynet er bhl. § 19 g *Barn med nedsett funksjonsevne*.

Det er kommunen som etter § 19 g skal sikre at barn med nedsett funksjonsevne får eit eigna tilrettelagt barnehagertilbod. Kommunen skal skrive vedtak om tilrettelegging av barnehagertilboden, jf. § 19 g andre ledd. Det er kommunen som er økonomisk ansvarleg for tilrettelegginga. For å sikre at plikta om communal tilrettelegging blir oppfylt, må forvaltningsrettslege krav vere innfridd, jf. forvaltningslova § 27.

Gjennomføringa av tilsynet

Tilsynet vil bli gjennomført med ei gjennomgang av innsendt dokumentasjon. Fylkesmannen har høve til å følgje opp dokumenttilsynet med eit stadleg tilsyn dersom det er grunn til det.

Dersom vi avdekkjer lovbro, vil Askvoll kommune få førehandsvarsle om vedtak etter forvaltningslova § 16, og få høve til å uttale seg i saka. Askvoll kommune vil deretter få ein rimeleg frist til å rette det ulovlege forholdet før vi vedtek eit eventuelt pålegg om retting.

Vi gjer merksam på at tilsynsrapportar er offentlege, jf. offentleglova § 3. Endeleg tilsynsrapport vil bli publisert på Fylkesmannens nettstad.

Tilsynet vert opna med dette varselet. Førebels tidsplan er:

- 15. august 2019: Frist for å sende dokumentasjon til Fylkesmannen.
- 15.august – 6. september: granskning av innsendt dokumentasjon.
- Veke 37: utsending av førebels rapport ved brot på regelverket eller endeleg rapport utan brot på regelverket.

Fylkesmannen tek atterhald om endringar i planen.

Pålegg om innsending av dokumentasjon

Fylkesmannen pålegg med dette Askvoll kommune å sende inn den dokumentasjonen som går fram av dette brevet. Plikta til å sende inn slik informasjon følger av kommunelova § 60 c.

Dokumentasjonen som skal sendast inn, kan berre vere unnteken frå det offentlege i den grad dette er heimla i offentleglova. Eventuelle innmeldingar om behov, sakkunnige vurderinger og enkeltvedtak er unntatt offentlegheit, og skal ikke sendast som vedlegg, men må sendast med vanleg postgang eller som sikker melding til Fylkesmannen:

<https://www.fylkesmannen.no/nb/Skjemaer-og-tjenester/Melding-til-Fylkesmannen/>

Vi ber om at følgjande blir sendt til Fylkesmannen, saman med ei innhaldsliste:

- Dei tre siste innmeldingane om behov for tilrettelegging i barnehagen etter bhl. § 19 g.



- Dei tre siste vedtaka etter bhl. § 19 g.
- Ei skriftleg orientering om kommunen sin rutine og praksis på området, til dømes når det gjeld informasjon til foreldre, innmelding av behov, krav om rapportering frå barnehagane om gjennomføring av vedtak ol.
- Ei kort skriftleg orientering om korleis kommunen informerer om rettane etter bhl. § 19 g.
- Ei kort utgreiing om enkelte barnehagar har blitt tildelt ekstra ressursar til arbeid med barn med utvida behov for tilpassing/tilrettelegging, og grunngjevinga for dette, jf. Basil rapporteringa.

Kommunen har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova §§ 18 flg.

Frist for innsending av dokumentasjon

Skriftleg dokumentasjon må sendast Fylkesmannen **innan 15. august 2019**.

Med helsing

Helge Pedersen (e.f)
seniorrådgjever

Bodhild Therese Cirotzki
seniorrådgjever

Dokumentet er elektronisk godkjent